



TIME KOMMUNE
ORDFØRAREN


Saksbehandlar

Tone Storesætre, e-post: tone.storesatre@time.kommune.no

Dato: 25.01.2008
Arkiv: K1-A00, K3-
&00, K1-
Vår ref (ArkivsakID.): 07/3361-4
JournalpostID.: 08/1749

Kunnskapsdepartementet
postboks 8119 Dep

0032 OSLO



ENDRING AV KRL-FAGET OG OPPLÆRINGSLOVA - UTTALING

Det er gjort følgende vedtak i sak 002/08:

LEV-002/08 Vedtak:

1. §§ 2.3 og 2.4 i Opplæringslova blir oppretthalden slik dei er i dag, utan endringar av namnet på faget.
2. Fritaksretten må styrkjast, og skulane må bli betre på å informere dei føresette om fritaksregelen i § 2.3a. Skulen må bli endå betre på å informere om innhaldet og arbeidsmåten i opplæringa.

Med helsing

Tone Storesætre
formannskapssekretær

Vedlegg: Saksdokument

Gateadresse/Internettadresse:
Arne Garborgs veg 30, 4340 Bryne.
<http://www.time.kommune.no>

Postadresse:
Postboks 38.
4349 Bryne.

Telefon rådhuset: 51 77 60 00
Telefon saksbehandlar: 51 77 60 12
Telefaks rådhuset: 51 48 15 00

Bankkonto: 3212 20 24422
Bankkonto skatt: 7855 05 11214
Organisasjonsnr.: 859 223 672



ENDRING AV KRL-FAGET OG OPPLÆRINGSLOVA

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Levekår	002/08	23.01.2008

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår er kjent med Høyringa om endring av opplæringslova og KRL -faget. Utvalet tek forslaget frå Kunnskapsdepartementet til etterretning.

Levekår

Fellesforslag frå Frp og Krf v/Kjell Ragnar Thu:

1. §§ 2.3 og 2.4 i Opplæringslova blir oppretthalden slik dei er i dag, utan endringar av namnet på faget.
2. Fritaksretten må styrkjast, og skulane må bli betre på å informere dei føresette om fritaksregelen i § 2.3a. Skulen må bli endå betre på å informere om innhaldet og arbeidsmåten i opplæringa.

Forslaget frå Kjell Ragnar Thu vart vedtatt med 5 mot 4 røyster (V, 2 Ap, Sp).

LEV-002/08 Vedtak:

1. §§ 2.3 og 2.4 i Opplæringslova blir oppretthalden slik dei er i dag, utan endringar av namnet på faget.
2. Fritaksretten må styrkjast, og skulane må bli betre på å informere dei føresette om fritaksregelen i § 2.3a. Skulen må bli endå betre på å informere om innhaldet og arbeidsmåten i opplæringa.

HØYRING - ENDRING AV OPPLÆRINGSLOVA OM KRL-FAGET

SAKA GJELD

Regjeringa foreslår at faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap (KRL) skal endra namn til religion, livssyn og etikk, og at Opplæringslova blir endra slik at det går tydelegare fram at faget skal presentere ulike verdsreligionar og livssyn på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte.

Heile høyringa finn ein her:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2007/Horing--forslag-til-endringer-i-opplarin-2.html?id=493556>

BAKGRUNN FOR SAKA / SAKSOPPLYSNINGAR

Framlegget om endringar i Opplæringslova er fremja av Kunnskapsdepartementet som følgje av fråsegn frå Menneskerettskomiteen i FN frå 2004 og dom i Den europeiske menneskerettsdomstolen i juni i fjor.

Menneskerettsdomstolen slår fast at dei overordna formåla i KRL-faget er i samsvar med prinsippa om pluralisme og objektivitet i menneskerettskonvensjonen, men at det er kvalitative skilnader i undervisninga i kristendom samanlikna med dei andre delane av faget. Domstolen meiner difor at det er uklårt korleis formålet med faget "å fremje forståing, respekt og dialog" kan vera nådd.

Opplæringa i KRL-faget har, som det einaste faget i skule, regulert formål og innhald i Opplæringslova § 2 -4:

Undervisninga i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap skal

- Gi grundig kjennskap til Bibelen og kristendommen som kulturarv
- Gi grundig kjennskap til evangelisk –luthersk kristendomsforståing og ulike kyrkjesamfunn
- Gi kjennskap til andre verdsreligionar og livssyn
- Gi kjennskap til etiske og filosofiske emne
- Fremje forståing og respekt for kristne og humanistiske verdiar
- Fremje forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulik trudoms- og livssynspørsmål.

Kristendoms-, religions og livssynskunnskap er eit ordinært skolefag som normalt skal samle alle elevar. Undervisninga i faget skal ikkje vera forkynnande.

Den som skal undervise i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, skal presentere kristendommen, dei ulike verdsreligionar og livssyn ut frå deira eigenart. Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emna.

Forslag til ny bestemming:

§2- 4: Undervisninga i faget *religion, livssyn og etikk* (endring i kursiv- i tillegg er innhaldspunkta tatt ut)

Religion, livssyn og etikk er eit ordinært skolefag som normalt skal samle alle elevar. Undervisninga i faget skal ikkje vera forkynnande.

Undervisninga i *religion, livssyn og etikk* skal bidra til forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulike oppfatning av trudoms- og livssynsspørsmål.

Den som skal undervise i *religion, livssyn og etikk*, skal presentera *ulike verdsreligionar og livssyn på ein objektiv, kritisk og pluralistisk* måte ut frå deira eigenart. Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emna.

Høyringa omfattar også endring av § 2 – 3 i Opplæringslova: Innhald og vurdering i grunnskuleopplæringa.

Her er kristendoms-, religions- og livssynskunnskap endra til *religion, livssyn og etikk*. Endringa i Opplæringslova § 2 -3 gjeld endring av namnet på faget.

VURDERING

Lovendringane som er foreslått understrekar at faget skal vera i samsvar med menneskerettane. Faget skal ikkje skilja seg frå andre fag, det skal ikkje vera forkynnande og dei einskilte delane av faget skal vera likeverdige.

I KRL-faget har kristendommen fått større vekt enn dei andre religionane, i og med at Opplæringslova seier at faget skal gi grundig kjennskap til kristendomen.

Det er eit mål at det nye faget skal samla alle elevane og at krav om fritak skal falla bort. At faget blir endra til å heita religion, livssyn og etikk vil ha ein viktig funksjon for å visa likeverdet mellom ulike religionar og livssyn. Det vil også gje stor likskap med namnet på faget på vidaregåande opplæring.

Det nye faget krev endring i læreplanen. Grunna den stillinga kristendommen har og har hatt å seia historisk og som kulturarv, vil det nye faget ha meir stoff om kristendommen enn om andre religionar.

KONKLUSJON

Utval for levkår er kjent med Høyringa om endring av opplæringslova og KRL-faget. Utvalet tek forslaget frå Kunnskapsdepartementet til etterretning.

Rådmannen i Time, den 04.01.2008


Brit Nilsson Edland


Ørjan Dalweit
kommunalsjef